

19-16 for lovlegkontroll hos fylkesmannen

17.12.2009



Røystinga er i gang. Mindretala reiser seg i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med 19 mot 16 røyster heldt kommunestyret fast ved vedtaket sitt i skulestruktursaka, som vart fatta med 18 mot 17 røyster. Men fleirtalet sender saka over til fylkesmannen for lovlegkontroll. Dette var i tråd med innstillinga frå rådmannen.

Mindretala røysta for eit forslag frå Ole Torbjørn Holmedal (Frp) det det heitte at vedtaket frå november var ulovleg og dermed ugyldig. Holmedal hevda at det ikkje var nødvendig å involvera fylkesmannen.



Det møtte fram mange tilhøyrarar i kommunestyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Knut Prestnes (Sp) hevda at mindretala på denne måten la opp til ein omkamp.

- Hvis vedtaket var ulovleg må det vera ei velsigning å få det sendt til ei objektiv vurdering, meinte han.

Det var Torrfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) einig i. Han trudde ikkje at det var så mykje ulovleg ved vedtaket, men meinte at det for Herøysund var eit elendig vedtak.

- Det blir eit samansurium hvis elevane får bestemma kor dei skal gå på skulen, sa Myklebust.

Bjarne Berge (TS): - Vi skal ikkje her og no bestemma om vedtaket var lovleg eller ikkje.

Thorleif Hellesøy (Frp): - Sist røysta vi på sviktande grunnlag.

Otto Benjaminson (KrF) hevda at mindretallet nyttar lovlegkontrollinstituttet til å få i stand ein omkamp. Han meinte at få saker har fått ei så grundig handsaming som denne og at det var ein gest til Herøysund-folket å gje dei valet mellom Uskedalen og Husnes. Benjaminson meinte at det ikkje var noko ulovleg ved vedtaket.

Leif Sverre Enes (H) meinte derimot at vedtaket var ulovleg fordi Herøysund-saka ikkje hadde vore til høyring. Det har aldri vore noko alternativ å splitta bygda på to skular, påpeika han.

Benjaminson. - Det har vore stemt over begge alternativ undervegs. Og bygda får samla seg og bestemma om dei vil innover eller utover.

Berge hadde liten tillit til utgreiinga, til dømes til opplysningane om innsparingar.

Øyvind Utne (H): - Her er det ikkje tale om nokon gest, men eit klart økonomisk motiv.

Holmedal hevda at vedtaket er därleg og klart ulovleg. Saka skulle vore oppe til høyring i FAU i dei tre aktuelle krinsane.

Øyvind Hardeland (Ap): - Kvinnherad skjemmer seg litt ut i denne saka. Spørsmålet er: Skal vi godta demokratiske vedtak eller ikkje?

Av Ola Matti Mathisen